



Vest politidistrikt

Førstelinje utlendingsforvaltning

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Høyanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal, og har følgjande merknader til omlegging av førstelinje utlendingsforvalting:

Nærleik til førstelinje utlendingsforvalting er viktig for både næringsliv og den enkelte. Sogndal er i dag oppmøtestad for personar som vil ordna med opphalds- og arbeidsløyve, ID-kort mv. Å flytta oppmøtestaden til Førde vil gje lang reiseveg og krevje monalege tidsressursar både for personane dette gjeld og for bedriftene som følgjer dei. I Sogn vil mange måtte bruke ein heil dag for å møte opp i Førde.

Politiet ønskjer å leggja malen frå 2013 til grunn for omlegginga. Koronapandemien har lært oss mykje og vist at tenesta ikkje må vera fysisk samlokalisert for å vera del av eit fagmiljø. Med dagens digitale løysingar må det vere fullt mogleg å organisera ei felles teneste, men likevel at oppmøtestad er desentralisert.

Utlendingsforvaltning er eit publikumstilbod som bør vera lokalisert nært der folk bur. Sogndal som regionsenter er naturleg plassering av denne førstelinjetenesta. Det bør sitje langt inne å gjera tenesta mindre tilgjengeleg for innbyggjarane i sogneregionen. Ei omlegging slik det vert lagt opp til vil ha klart større ulemper enn fordeler for innbyggjarane, og vi oppmodar politiet om å revurdera måten å organisera arbeidet på.

Sogn regionråd ber om at Sogndal blir vidareført som oppmøtestad for førstelinje utlendingsforvaltning.

Med helsing

Hilmar Høl
Leiar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift